



Nå legg vi ei flott tid bak oss,- advent og jul, med pynt, lys, forventningar og forteljinga om Jesu fødsel.

Vi hadde dagar med god tid, kjekke aktivitetar og adventssamlingar. Vi blei godt kjent med juleevangeliet og andre juletradisjonar. Vi fekk besøk av Luciatog og hadde nissefest. Vi kjente på glede og spenning da vi pakka inn gåvene vi laga, kakebaking var gøy og det smakte godt med både deig og ferdige kaker.

Det vart ein del sjukdom siste veka før jul. Vi håper at alle var friske nok til å glede seg over julehøgtida og at alle har hatt ein fin ferie.

Takk for eit godt samarbeid med å innføra handvask ved levering og henting. Infeksjonar i luftveiene, diare og oppkast er velkjent i barnehagar, og me ynskjer å styrke smittevernet i barnehagen slik at førekomensten av dette kan reduseras. Det er brei einigkeit blant forskrarar og myndighetene om at det er nyttig og nødvendig.



Gratulerer med
dagen:

Emma blir 3 år 22.1.



Godt nytt år!

Det er alltid spanande med eit nytt år. Vi gler oss til å ha våren saman med dykk. I temaet "livet på garden" vil vi nå sjå på traktorar og maskiner. Det er allereie stor interesse for det på avdelinga, så det blir kjekt å jobba med dette temaet. Vi vil gå på besøk i reiskapshuset igjen, sitja på traktorhengaren med Bjarte og "arbeida" sjølv.

Vi fortsett med den vante vekertymen. Vi har fjosdag måndag formiddag og turdag onsdag.

Det er mykje kjekk leik inne og ute for tida. Det er spanande å følja utviklinga, og sjå korleis barna set i gang med rollelek, konstruksjonslek og utforskingar på eige initiativ. Vi ser at fleire av barna har glede av å treffa barn frå Dagros og Regnbuen ute. Vi håpar på snø og is med kjekke opplevelingar og variasjon i uteleiken (det er lov å håpe). Som personalgruppe blir vi betre kjent med Marte Meo-metoden på planleggingsdagen 2.januar. Det er ein metode som har fokus på vaksenrolla. Vi lærar korleis vi kan "følgje- bekrefta - benevna" når vi er saman med barna. Vi lærar og korleis vi kan yta positiv leding i ulike situasjonar.